Flaumsikring Lægreidsflatane - Gjennomføringsplan

17. juni 2026 (Rev. F02)

Norconsult

Hovedpunkt i gjennomføringsplanen



- **Hovedfokus**
  - **Trygg gjennomføring og berekraftige val**
    - **Mål om 0 personskader i gjennomføringa**
    - **Mål om 0 utsleppshendingar**
    - **Mål om 0 skader på 3 person (inkl materiell/verdiar/eigedom)**
    - **Dokumenterte omsyn til berekraftige val i prosjektet**

- Denne gjennomføringsplanen er utarbeidd for å gjere entreprenøren oppmerksom på ein del sentrale krav og føringar. Det er også lagt føringar for korleis ein skal hensynta dei ulike krava.
  Det er verdt å merke seg at mange fleire tilhøve er omtalte i det samla konkurransegurnnlaget, og alle desse er sjølvsagt gjeldande om dei ikkje er spesifikt omtalte her. Alle kostnader for å gjennomføre prosjektet i høve planen skal vera inkludert i postar i mengdebeskrivelsen. Dersom entreprenøren finn løysingar som er betre eller meir kostnadseffektive, og som likevel tek nødvendige hensyn, så står ein fritt til å føreslå slike løysingar. Byggherren står imdilertid fritt til å akseptere eller avslå alle forslag.

Utarbeidd	Fagkontroll	Godkjent
Enlag – 29.04.2025	TErik – 29.04.2025	TErik – 30.04.2025
F02 – 17.06.26 EnLag	F02 – 17.06.26 TErik	F02 – 17.06.26 TErik

Norconsult

Tilkomst, riggområde og massedeponi

- Tilkomst
  - Anleggsområdet har tilkomst frå offentleg veg i fleire punkt. Det er laga ei teikning som viser avgrensing av anleggsområdet for heile tiltaket. Entreprenøren kan ikkje ta i bruk areal utanfor dette området utan etter særskild avtale med både byggherre og aktuell grunneigar.

- Anleggsteknisk gjennomføring
  - Utsnittet til høgre her viser planert riggområde. Her er mogeleg å få tilknyting til EL og VA.
  - Riggområdet på bilete kan brukast til mellomlager/deponi i anleggsperioden. Men det er entreprenøren sitt ansvar at området er tilbakeført til same stand/nivå som det er ved oppstart, før overtaking av anlegget. Det betyr at entreprenøren er ansvarleg for at eventuelle overskotsmassar vert levert til godkjent deponi eller mottak.
  - Jordmassar som skal tilbakeførast i trasèen skal leggjast i ranker langs trasèen for å minimalisere transport, men ikkje slik at det forverrar situasjonen for overvatn i anleggsperioden)
  - Best mogeleg massebalanse skal etterstrebast
  - Det er ikkje høve til å bruke areal utover maks 10 m ut frå prosjektert tiltak. Dette gjeld imidlertid ikkje der t.d omsyn til kulturminne set strengare krav. All øvrig arealbruk skal godkjennast av byggherre/grunneigar før arealet kan nyttast.

Norconsult

Omsyn til kulturminne

- Entreprenøren skal sikre at alle kulturminna vert uskadde/upåvirka i heile anleggsperioden
  - Området har spesielt mange og viktige kulturminne, og det er stor fokus på at desse skal sikrast.
  - Entr skal difor etablere fysisk avsperring av kulturminna, inkludert tilhøyrande sikringssonar (5 m), som ikkje skal rørast. Dette vil verta påvist av byggherren.

Norconsult

Omsyn til flaum i anleggsperioden

- Arbeidet må leggjast opp slik at konsekvensane av eventuell flaum i anleggsperioden ikkje vert forverra av anleggsarbeidet.
  - Hovedprinsipp skal vera at ein arbeider seg frå fjorden og opp til Lægreidsflatane.
  - Når ein opnar for at vatn skal renne inn i øvste inntaket så må alt nedstraums vera klart for å ta imot vassmengdene
    (Det kan likevel opnast for fleire angrepspunkt/arbeid langs trasèen, men berre i den grad at kravet skildra over vert ivareteke)
  - Nødvendige omsyn må takast til styrtregn i anleggsperioden
    (Entr må ha ein beredskapsplan som hensyntek dei situasjonane som kan oppstå når myndigheitene sender ut farevarsel for t.d flaum/ekstremver.)
  - Entreprenøren må gjennomføre særskild SJA for arbeid i Vikedalen for å sikre seg mot erosjon/masseutgliding i anleggsperioden

Arbeid på Rv 7 - i rette tidsperiodar

- Arbeid på Rv 7 - i rette tidsperiodar
  - Arbeid som påverkar Rv7 må vera ferdigstilt innan 12.mars 2027 (Det vil seie før påske- og sommartrafikk i 2027)
  - Det er frå hausten 2026 planlagt nattestenging av Lærdalstunnellen. Dette vil føre til auka trafikk på Rv7. Dette må hensyntakast ved planlegging av arbeidet.
  - Det er krav om at eit køyrefelt alltid er ope (ljosregulering). Unntak er ved «ut- og innlyfting» av kulvertelement, der ein etter søknad kan få korte periodar med full stans i trafikk. Det vil seie at kulvert må byggjast/monterast seksjonsvis. Entreprenøren skal leggje opp arbeidet slik at periodane med stengd veg vert absolutt kortast mogeleg.
  - Entreprenøren skal utarbeide og få godkjent (frå SVV) spesielt tilpassa trafikkavviklingsplan og skiltplan

- Arbeid i fjøra
  - Det skal ikkje arbeidast lenger ut enn til normal fjæra sjø. (Dette skal avklarast med byggherre på staden)

Norconsult

Arbeid ved dei to bustadane ved Rv7

- Parkering for bebuarane ved Rv 7 må ivaretakast i anleggsperioden. Dette skal avtalast i samråd med kommunen og den enkelte grunneigar.
- Kulvert må byggjast/monterast seksjonsvis også av omsyn til at parkering ved, og bruk av, dei to bustadane må oppretthaldast gjennom anleggsperoiden
- Vassforsyning og avlaup skal vera i drift gjennom heile anleggsperioden (Det betyr at entr må ta med løysing for evt midlertidig vassforsyning/avlaup.)
- Entr er ansvarleg for at overvatn i anleggsperioden ikkje medfører skade/ulempe for bygga/eigedomane (Det er gjennomført tilstandvurdering av dei to bustadane)

Arbeid i Vikedalen

- Det er viktig og bevare mest mogeleg av både vegetasjon og stadlege murar. (Dette skal ha stor fokus både for å ivareta naturtype, naturmangfald og av omsyn til erosjon både i og etter anleggsfasen.)
- Det skal takast særskilte omsyn til fare for erosjon i Vikedalen i anleggsfasen (omtalt andre stader i grunnlaget.)

Arbeid med open kanal ovanfor Vikedalen

- Her er det svært trangt mellom ulike kulturminner som ikkje skal verta påverka/rørt av anleggsarbeidet. (Ref krav om fysisk avsperring av desse.)
- Også her er det viktig og ta vare på mest mogeleg av eksisterande tre, vegetasjon og murar.
- Gangveg langs nordveggen på eksisterande kommunalt lager (del av gangvegen som går nær vinklrett på kulverten) må opparbeidast med tilpassa (mindre) maskiner/utstyr. Her kan ein absolutt ikkje inn på naboeigedom i det heile (pga kulturminne), og denne delen av gangvegen vil verta tilpassa på staden nettopp for å sikre dette.

Absolutt alltid fri adkomst til brannstasjonen

- Arbeidet kan ikkje under nokon omstende stenge for tilkomst/utrykning til/frå brannstasjonen.
  - Det er krav til at hovedadkomst til brannstasjon skal vera mest mogeleg open for fri ferdsel. Den korte perioden den vegen må vera stengd skal den andre vegen forbi gamle brannstasjonen vera open for fri ferdsel. All stenging av desse vegane skal skje etter samråd med Eidfjord kommune/Brannvesenet
- Kulvert under kommunal veg, med inntak, og omlegging av vegane i dette området
  - Arbeidet med etablering av kulvert og inntakskonstruksjon i krysset, mellom gamal og ny brannstasjon, skal ferdigstillast før eksisterande veg (Gamlenaustvegen) fram til den nye brannstasjonen vert fjerna/omlagt.
  - Eksisterande overvannsrøyr (Ø600) må vera operativt så lenge som mogeleg, og det må lagast ein plan som viser korleis flaumvatn i anleggsperioden skal handterast. Det vil seie at entreprenøren må ta høgde for at det kan koma vatn i dette røyret gjennom anleggsperioden.



Adkomst til Gamlenaustvegen 32

- Arbeidet skal leggjast opp slik at eigarane av Gamlenaustvegen 32 er sikra tilfredsstillande adkomst gjennom heile anleggsperioden. Evt kortare avstengingar kan avtalast med eigarane.
- Gang-/sykkelvegen bak Ismarhaug er mykje brukt av lokalbefolkning/turistar gjennom heile året. Entreprenøren skal legge tilrette for at det er mogeleg og gå/sykle forbi anleggsområdet i heile anleggsperioden.

Norconsult

Norconsult

Kvar dag gjer me kvardagen betre!